



SYNFARING: Siv.ing. Ragnar Hagen er byggeleiar for Mehuken II, og orienterte om prosjektet til lydhyøye deltakarar på leverandørseminaret.

# Bygda har fått nytt liv me

**VÅGSØY:** – Det har vore ei spennande tid, bygda har fått nytt liv etter at vindkraftene kom, meiner Alfild Myre Hoff på Kvalheim.

**ANNBJØRG HAUGE NYGÅRD**  
bremanger@firdaposten.no

Saman med sambuaren sin driv ho gard på Kvalheim, med 70 vinterføra sauer, og har nok å henge fingrane i om dagen.

– Men no er vi ferdige med lamminga, og kan snart sleppe saueane på beite, så då blir det rolegare, seier ho då vi kjem på besøk onsdag føremiddag.

## Positivt overraska

Å få uventa besøk er ho van med, og det ser ho ut til å like. Riksve-

gen gjennom bygda går nemleg midt mellom huset og driftsbygningen på garden, og dei siste åra, særleg etter at vindkraftanlegget på Mehuken vart etablert, er det stadig fleire bilar som passerer hushjørnet.

– Vi opplever ofte at tilreisande, både norske og utanlandske, stoppar i tunet for å prate, og det er veldig koseleg. Det er mange som kjem hit eins ærend for å sjå på vindmøllene, og det som er så kjekt er at dei fleste er positivt overraska når dei kjem derifrå. Truleg hadde dei venta seg noko ruvande og stygt, men i staden fekk dei sjå fine kvite installasjonar mot blå himmel, og overraskande lite støy, fortel Alfild Myre Hoff.

## Kjem bygda til gode

Vindmølleparken på Mehuken, som vart etablert i 2001, er blitt

eit populært utfartsområde, ikkje berre for dei langvegfarande. Også frå nærområdet kjem folk hit for å gå tur, det er ikkje sjeldan at familiar med barnevogn legg søndagsturen hit.

– Det skapar liv og røre i området, og set bygda vår på kartet på ein positiv måte, meiner Alfild Myre Hoff.

Ho meiner også at etableringa av vindkraftanlegget har kome bygda til gode på andre måtar, i tillegg til den kompensasjonen som grunneigarane får.

– Mellom anna får vi eit årleg bidrag frå Kvalheim Kraft til vedlikehald av grendehuset, og det skal mange kakelotteri til for å erstatte den summen.

Alfild er ikkje redd for at åtte nye vindmøller på Mehuken skal få negative følgjer for bygda, og der har ho resten av bygdefolket i ryggen.

– Nei, vi må ofre eit kvart for å

kunne produsere den straumen vi treng, og så lenge vi ikkje blir overkøyrd i prosessen, men blir

høyrd og får den informasjonen vi treng, så er vi innstille på at dette skal gå bra.



KART: Mehuken ligg heilt ut mot havet i vest.

# Vågsøy er sjølvfor-synt med straum

**MÅLØY:** Når Mehuken er ferdig utbygd med åtte nye vindturbinar, vil den årlege kraftproduksjonen frå anlegget vere stor nok til å dekke alle husstandane i Vågsøy med straum.

Dette kom fram under leverandørseminaret i Måløy onsdag, som vart arrangert av LOG – Leverandørnett Olje og Gass i samarbeid med Kvalheim Kraft AS og Zephyr. Seminaret var også tilbodskonferanse for entreprenørar som skal gje tilbod på anleggsarbeid og bygging av servicebygget på Mehuken II. Rundt 30 personar frå ulike firma var tilstades på seminaret, som starta med ei synfaring på Mehuken.

Ragnar Hagen, som er byggeleiar for Mehuken II, orienterte om prosjektet, og viste deltarane rundt på området der dei åtte nye turbinane er tenkt plassert. Dei vil bli noko høgre enn dei eksisterande turbinane, med ei tårnhøgde på 64 meter og ein rotordiameter på 70 meter.

Kvalheim Kraft har signert

## MEHUKEN II

- Kvalheim Kraft AS søkte i desember 2005 om utviding av Mehuken med åtte nye vindturbinar, og fekk tildelt konsesjon på inntil 18,4 MW i juni 2008.
- Anlegget er venta å vere i full drift 4. kvartal 2010.
- Totale prosjektkostn. 250 mill.
- Investeringsstøtte frå Enova på 93 millionar.
- Planane har fått solid støtte i nærmiljøet.

kontrakt med det tyske firmaet Enercon for levering av vindturbinar til ein verdi av 20 millionar Euro. I denne kontrakten ligg også kostnadene med transport, fundament, montasje og driftservice i 12 år. Om alt går som planlagt, blir vegarbeidet starta opp i byrjinga av august, og bygginga av servicebygget igangsett i månadsskiftet september/oktober. Monteringa av vindturbinane vil etter planen starte i august neste år, og anlegget er venta å vere i drift i desember.

## KVALHEIM KRAFT AS

- Eig og driv vindkraftparken Mehuken i Vågsøy.
- Mehuken vart etablert i desember 2001, og var då den største vindkraftparken i Norge.
- Mehuken vindpark har fem vindturbinar, som gjev ein samla årsproduksjon på 16 mill. kWh.
- Navhøgde: 49 meter
- Rotordiameter 52 meter.
- Kvalheim Kraft samarbeider med Sogn og Fjordane Energi om den daglege drifta av vindparken.



**KVALHEIM KRAFT:** f.v. dagleg leiar Olav Rommetveit, Johnny Hansen og prosjektleiar Kristin Ankilé.



Alle foto: Annbjørg Hauge Nygård

# d vindmøller



**POSITIV:** Alfhild Myre Hoff helsar ei utviding av vindmølleparken på Mehuken velkomen. Her kosar ho seg med to av smålamma sine heime i gardstunet.



**MARKNADSFØRING:** Kjøkkensjef Michel Roth på Ritz i Paris må nok betale meir for laksen i tida som kjem. Foto: Harald J. Stavang.

# - Fantastiår for lakseoppdrett

**FLORØ:** – For lakseoppdrettarane er det berre å hente fram den beste champagnen. 2009 blir ein fantastisk år!

**HARALD J. STAVANG**  
harald.stavang@firdaposten.no

Slik svarar Per Vidar Ottesen i eksportselskapet Norwell når vi spør om utsiktene for resten av året.

## - Historisk høge prisar

– Vi jobbar med kontraktar på rundt 30 kroner kiloet ut året til produsent. Det er historisk høge prisar, spesielt på kontraktar ut andre halvår, legg han til.

– Kva er årsaka til den klondykestemminga?  
– Først og fremst at verdsproduksjonen av laks er venta å falle mellom 10 og 13 prosent for resten av året. I Norge aukar rett nok produksjonen med rundt 10 prosent, men Chile held på å gå tom for fisk og får eit dramatisk fall på rundt 30 prosent av årsproduksjonen, fortel han.

## - Det går ei grense

For salsleddet er det derimot vanskelegare å tene pengar på høge enn på låge prisar. Grunnen er at risikoen aukar med aukande pris.

– Det går ei grense for kva ein kan ta, så vi ikkje «slår i hel» industrien. Store deler av roykeindustrien som leverer på langsiktige kontraktar med dei store matvarekjedene, taper no pengar. Blir prisen for høg, så misser vi hyllemeter i butikane, og så er karusellen i gang igjen, legg Ottesen til.



Per Vidar Ottesen - Norwell.

## Komplekst med torsk

– Kvifor er det så vanskeleg å tene pengar på torsk når laksen går så godt?

– Der er nok mange årsaker; blant anna mykje villfisk og konkurranse frå mange andre fiskeslag. Dessutan er torskeoppdrett ei relativt ny næring med mange biologiske utfordringar, i tillegg til høgere produktionspris og meir svin, forklarar han.

Dessutan ser det ut til å ligge ein del torsk på lager i Europa, innkjøpt til relativt høge prisar i fjor. For dette er selt vil forbrukarprisen på oppdrettsorsk halde seg høg, med fallande sal som resultat.

– Det er veldig synd, for det er heilt klart at no slit torsk-næringa. Prisane har vore meir komplekse enn vi har fått med oss. Eg reknar likevel med at når desse lagera tømmast, vil torskesalet ta seg opp og prisane justere seg, seier Ottesen.

På lengre sikt har han god tru også på torskeoppdrett.

– Verda skal ha meir fisk, legg han til.

# Vil sjølv betale for raskare behandling

I ein undersøkelse gjort av TNS Gallup for If Skadeforsikring kjem det fram at over halvparten av alle nordmenn er innstille på å betale meir for å få behandling raskare. Med ein pressa helsesektor som stadig slit med at pengane ikkje strekk til, vert helse eit vanskeleg politisk og etisk spørsmål. Ein av fire nordmenn i alderen 16-34 år meiner at røykjarar skal nedprioriterast i helsekøa. Dette kjem fram av årsrapporten til If Skadeforsikring.